

• Distrikt



Miljøgifter: Plan- og næringssjef Geirmund Dvergsdal og miljøvernleiar Odd Rønningen i i Stryn kommune fryktar at miljøgifter kjem opp i dagen om Storelva i Innvik fløymer over.

Foto: Frode Grimmelid



Nationen i går.

Våtare klima kan sette fri gamle miljøsynder

Miljøgifter ligg skjulte i gamle fyllingar eller i grunnen som følge av menneskeleg aktivitet langt tilbake i tid.

Klima



Kommunane har ikkje god nok oversikt til å unngå utlepp. – Du ser korleis elva går. Ho ligg høgt i terrenget og har mykje skogsom kan legge seg og demme opp. Får vi ein slik flaum som i Utvik, vil elva gå den vegen, seier plan- og næringssjef Geirmund Dvergsdal i Stryn kommune og peikar.

For nokre månader sidan fall

det store nedbørmengder i fjellet over Utvik. Elva brøyta seg gjennom bygda og øydela vegar, bruer, bygningar og landbruksjord. Berre nokre få kilometer lenger inne i fjorden, viser plansjefen og miljøvernleiar Odd Rønningen kva som kunne hendt med tidlegare synder om det var Storelva i Innvik som fløynde over.

I retninga Dvergsdal peikar ligg ei gammal fylling. Ingen veit akkurat kva som er gravd ned i grunnen. Intill nyleg var fyl-

linga heller ikkje registrert nokom stad, og ho var ikkje allmenn kunnskap i kommunen.

– Nei, denne fekk vi tips om då det kom på tale å leie delar av elva gjennom området for å skape eit vassmiljø, seier miljøvernleiar.

Tilsvarande fekk dei kunnskap om ei fylling lenger oppe langs elva då ei bedrift kjøpte tomta for å bygge. Då nytta kommunen høvet til å krevje opprydding, men framleis finst det mange kjelder til miljøgifter som ikkje er gjort noko med.

– Etter kvart blir slike kjelder gløynde. Derfor er det viktig å få dei registrert, seier Rønningen.

Fann 32 ukjende kjelder

I eit våtare klima kan ras og flaum ta med seg miljøgifter ut i vatn,

fjorlar og matjord. Det er utgangspunktet for eit forprosjekt leia av Torunn Hønsi ved Vestlandsforskning.

Saman med tre pilotkommunar har forskarane lokalisert moglege kjelder til miljøgifter. Kommunane Stryn, Flora og Odda har no mange fleire prikkar å plassere i Miljøverndirektorat sitt kart for ureina grunn.

I Stryn gjekk dei frå fire til 36 registrerte kjelder. I Flora frå elve til 51. Odda har gått frå 14 til 35. Hønsi meiner det er sannsynleg at kommunar over heile Norge vil gjere liknande funn.

– Kvifor er det viktig å registrere alle moglege utleppskjelder?

– Miljøgiftene påverkar oss alleierie i dag. Det ser vi på målingar av nivået i til dømes fisk

Allereie i dag

«Vi er allereie der at klimaendringar påverkar aktiviteten vår.»

Torunn Hønsi, Vestlandsforskning



og skjel. Dess meir vi veit om kva som ligg rundt om kring, dess betre kan vi forebygge skade. Nokre av miljøgiftene har så låge terskelverdiar at dei kan ureine store område med berre små utlepp, og dei kan vere farlege for levande organismar sjølv i småmengder.

Berre i bygda Innvik i Stryn har kartet for ureina grunn blitt oppdatert med fem nye prikkar. Nokre er fyllingar, gamle synder kanskje helt tilbake frå 50-talet. Ein annan prikk er ureina grunn som følge av ein gammal bilverkstad. Eit gammalt gartneri er også sett på kartet, det same er industri som framleis er i drift.

Klima inn i lovverket

– Har kommunane råd til å gjere

noko med alle ureiningskjeldene?

– Når vi kjenner til kjeldene kan vi få til vinn-vinn-løysingar. Det gjer vi allereie i dag når aktørar treng nytt areal. Då kan ein rydde opp eller kapsle ureininga inn i grunnen, seier Hønsi.

Ein kan også forebygge, ved til dømes å sikre elvane slik Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) held på med i Storelva i Innvik. Når ein veit om kjeldene kan ein også planlegge for å unngå at utgraving og erosjon av ureina grunn påverkar elvar og fjorlar, drikkevatt og matjord.

I nokre tilfelle må kommunane også er utsette for flaum, seier Hønsi, som meiner at lovverket godt kan ta inn eit uttalt punkt om planlegging for klimaendringar.

– Vi er allereie der at klimaendringar påverkar aktiviteten vår, seier ho.

Kommunane treng hjelp

I arbeidet sitt fann Hønsi og Vestlandsforskning ut at det er manglar i arbeidet med miljøgifter og klimaendringar på fleire nivå. Ingen rettleiarar eller forvaltningsdokument frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap eller NVE, som kommunane støttar seg til i arbeid med sårbarheit og risiko, omtalar faren for spreiding av miljøgifter i samband med klimaendringar. Det blir også ført lite tilsyn med ureina lokalitetar, og langt frå alle er førte opp i miljødirektoratets database. Kommunane ber også om meir rettleiing, konkrete oppgaver og meir ressursar til arbeidet med ureining, vassfor-

ringar påverkar aktiviteten vår, seier ho.

– Kommunane var veldig positive, men dei har avgrensa med tid og ressursar. Hovudbodskapen er at dei treng hjelp til å prioritere kva som er viktigast å jobbe med, seier Hønsi.

Ho håpar prosjektet hennar kan vere med på å løfte arbeidet med miljøgifter i eit endra klima, og ho meiner det er viktig å hjelpe kommunane til å prioritere også arbeidet med ureiningsaker.

– Vi risikerer allereie store ringverkknader på grunn av eit tøffare klima. Då er det viktig å unngå at vi får så høge verdiar av miljøgifter i vatn og jord at vi også får mindre moglegheit til å dyrke og hauste mat, seier Hønsi.

– Vi risikerer allereie store ringverkknader på grunn av eit tøffare klima. Då er det viktig å unngå at vi får så høge verdiar av miljøgifter i vatn og jord at vi også får mindre moglegheit til å dyrke og hauste mat, seier Hønsi.

Frode Grimmelid
redaksjonen@nationen.no

«Skal 30-årige investeringsbeslutninger i norsk landbruk tas på grunnlag av siste ukes lagerdata?»

Kommentar side 3 • Hans Bårdsgård

NATIONEN

DISTRIKTENES NÆRINGS-AVIS • Nr. 258 • Tirsdag 7. november 2017 • www.nationen.no

Flere leser
Nationen
+7,2%

DISTRIKT • 4-5



Foto: Colourbox

Flom og ras graver fram miljøtrusler

Våtere klima øker faren for at miljøgifter i gamle fyllinger kan forurense vann og matjord. Norske kommuner mangler oversikt over miljøtrusselen.



SAUEKRISA • 8-9

Vil betale bønder for kutt

Per Skorge i Bondelaget vil få bort overskuddet av sauekjøtt ved å betale bønder for å redusere antallet dyr.



ÅRETS UNGE BONDE • 12-14

Fremoverlent melkebonde

Gjeld på 15 millioner kroner skremmer ikke Marthe Bogstad.